



EiendomsmeblerVest

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1850 - 18/20257

Saksbehandlar:

Kjartan Nyhammer

kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:

21.06.2018

## Svar på søknad om konsesjon for kjøp av gbnr 208/3 Heggernes

**Administrativt vedtak. Saknr:**

### Vedtak

Lindås kommune gjev Stein Inge Steffensen konsesjon for kjøp av gbnr 208/3 Heggernes. Det vert sett som vilkår at driveplikta vert oppfylt innan 1 år. Vedtaket har heimel i § 1 og 9 i konsesjonslova.

### Saksutgreiing

#### Dokument i saka

- Søknad om konsesjon, signert 14.juni 2018
- Kopi av kjøpekontrakt, signert 14.juni 2018
- Kopi av skøyte, signert 14.juni 2018

#### Saka gjeld

Stein Inge Steffensen søker konsesjon for kjøp av landbrukseigedom gbnr 208/3 Heggernes. Han ynskjer å busette seg på garden snarast og ruste opp bygningsmassen og innmarka. Målet er å starte oppatt med eiga drift på garden.

#### Landbrukseigedom gbnr 208/3 Heggernes

Ifølgje Nibio sitt gardskart er eigedommen på totalt 123,4 dekar. Av dette er 17 dekar full- og overflatedyrka jord og 31,3 dekar innmarksbeite. 52,5 dekar produktiv skogsmark. 21,7 dekar anna markslag og 0,9 dekar bygg/tun/veg/vatn. Det vert opplyst i søknaden at det er våningshus og driftsbygning av dårleg kvalitet på garden. Vidare er det eit uthus av god kvalitet.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



## **Lowverk**

Då egedomen er over 100 dekar er den konsesjonpliktig. Då egedomen er ein landbrukseigedom og formålet med kjøpet er landbruksdrift skal saka behandlast etter §9 i konsesjonslova i tillegg til §1.

## **Vurdering**

Ved avgjersle av søknad om konsesjon for kjøp av eiendom som skal nyttas til landbruksformål skal det etter § 9 i konsesjonslova leggjast særlig vekt på:

- Om kjøpar sitt formål vil ivareta omsynet til busetting i området
- Om kjøpet inneber ei driftsmessig god løysing
- Om kjøparen er skikka til å driva egedomen
- Om kjøpet ivaretar omsynet til heilhetlig ressursforvaltning og kulturlandska

### Omsynet til busetting i området

Søkjar ynskjer å busetta seg på egedomen og styrkar dermed busettinga i området. Det er særst positivt for lokalsamfunnet.

### Driftsmessig løysing

Søkjar ynskjer på sikt å drive innmarka og skogen sjølv. Såleis er dette ei driftsmessig god løysing. Dersom søkjar ikkje vil starte arbeidet med å sette i stand jorda innan 1 år vil ein oppmode søkjar om å inngå ein langsiktig leigeavtale av jorda med aktiv bonde i nærområdet som ynskjer tilleggsjord. For å oppfylle driveplikta må søkjar inngå skriftleg leigeavtale på innmarka for 10 år.

### Skikka til å drive egedomen

Søkjar opplyser at han har stor interesse for bygningsvern og har eit stort kontaktnett med gode fagfolk til å utføre jobben. Søkjar opplyser vidare at han vil starte med å sikre falleferdig driftsbygning så den ikkje utgjer fare for folk. Vidare vil han umiddelbart starta jobben med å gjere våningshuset bebueleg og flytte inn i huset. Våningshuset skal få behalde opprinneleg fasade med smårutete vindu osv. Når bygningane er restaurert vil søkjar sette istand innmarka på egedomen og starte opp jordbruksdrifta igjen. Det er eit omfattande arbeid som må gjerast for å sette istand innmarka på garden. Her må søkjar søke råd og hjelp frå andre. Ein vil oppmode søkjar om å inngå ein langsiktig leigeavtale på innmarka. Då kan andre disponere jorda og sette den i stand parallellt med at søkjar kan prioritere tid og pengar på å sette istand bygningane.

### Heilhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet

Søkjaren er oppteken av å ta vare på kulturlandskapet og bygningane. Bygningane er ein sentral del av kulturlandskapet. Såleis vert ressursar og landskap godt ivareteke i denne saka.

Då egedomen er bebygd og har mindre enn 35 dekar full- og overflatedyrka jord så er den ikkje underlagt priskontroll jfr konsesjonslova §9a.

## **Konklusjon :**

Stein Inge Steffensen får konsesjon for kjøp av landbrukseigedom gbnr 208/3 Heggernes. Det vert sett vilkår om at driveplikta vert oppfylt innan 1 år. Den kan oppfyllast enten ved eiga drift av arealet ( beiting og/eller slått) eller bortleige av arealet i 10 år.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Evj Askeland

Hindenesvegen 5993  
796

OSTEREIDET

Stein Inge Steffensen

**Mottakarar:**

EiendomsmeglerVest